



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Ungdomsrådet	26.05.2025	12/25

Revidering av felles klimaplan for Vest-Telemark - ber om innspel til planarbeidet

Vedlegg

- 1 Klimaplan for Vest-Telemark - Handlingsplan

Dokument i saka

[Klimaplan for Vest-Telemark, 2022](#)

Bakgrunn

Vinje kommune vedtok i 2022 ein felles klimaplan for Vest-Telemark saman med kommunane Tokke, Kviteseid, Seljord og Nissedal.

Klimaplanen tek for seg 7 tema:

- Arealforvaltning – *Ta vare på naturen gjennom berekraftig arealforvaltning*
- Jordbruk – *Auka verdiskaping og berekraftig jordbruk*
- Skogbruk – *Minimere avskoging og auke det totale opptaket av klimagassar*
- Sirkulærøkonomi og avfall – *Frå verdilaust til verdifullt*
- Transport – *Redusert klimagassutslepp frå transport*
- Innkjøp – *Redusert klimaavtrykk frå innkjøp*
- Enøk – *Redusere energibruk*

Det er satt ned ein gruppe på tvers av kommunane for å jobbe aktivt med gjennomføring av tiltaka for å nå måla i planen.

Denne gruppa blir kalla klimaforum. Vinje kommune sin representant inn i denne gruppa er Anne-Sofie B. Strømme, plan- og miljørådgjevar.

Vest-Telemarkrådet vedtok i rådsmøte 04.02.25, sak 04/25, å starte opp arbeidet med å revidere handlingsdelen til klimaplanen for Vest-Telemark. Vest-Telemarkrådet er eit regionalt



samarbeid mellom Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. I regionrådet møter ordførarane og kommunedirektørane dei seks kommunane.

Målet med revideringa av handlingsdelen til klimaplanen:

- Prioritere og redusere talet på tiltak
- Slå saman liknande tiltak
- Vurdere nye tiltak etter ny kunnskap
- Leggje inn kapitel om kva som er gjennomført sidan seist
- Leggje inn kapitel med plukklister med frivillige tiltak som evt. kan vurderast for neste revidering

Hovuddokumentet for klimaplanen for Vest-Telemark og satsingsområda skal *ikkje* reviderast i denne prosessen. Handlingsdelen skal vedtakast politisk i dei ulike kommunane til hausten.

Vurdering

For at ein plan skal bli gjennomført er det viktig at alle som blir råka får eit eigarskap til planen ved hjelp av involvering og deltaking. Difor vert det ikkje tatt med alle tiltaka i denne saka, men vert lagt vekt på det som kan vere interessant og viktig for dykk.

Ungdomsrådet representerer den oppveksande generasjonen, og dykkar involvering og innspel til dette arbeidet vil vere viktig for gjennomføringa. Det vil sei at me skal ta med dei tiltaka som me meiner må vere med for å nå måla i klimaarbeidet. Nokon av tiltaka kan me spare pengar på, medan andre tiltak vil koste pengar å få gjennomført. Slik må det prioriterast kva me no skal prøve å få gjort i kommande 2-årsperiode innanfor dei økonomiske rammene me har.

Me er interessert i kva de ungdomar synest det er viktig å ta med inn i klimaarbeidet på dei områda som er viktige for dykk.

Eg har trekt ut nokre tema og tiltak som kan vere ha innverknad og vere relevant for dykk. Så kan det vere andre ting som de meiner er viktige og som ikkje er tenkt på. Ting de syns er viktige i klimaarbeidet vil eg ta med vidare inn i arbeidet til klimaforumet.

Sirkulærøkonomi og avfall

- Informasjonsmøte på sirkulærøkonomi og fokus på kjeldesorteringsgraden og redusere mengde matsvinn i kommunane. Ansvar: Kommunane, næringslivet, frivillige lag og organisasjonar
- Oppmode til byttedagar/bruktdagar/reperasjonsdagar som blir arrangert av ulike aktørar. Ansvarlege: kommunane, ungdomsråd, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar
- Ta initiativ til innsamlings- og ryddeaksjonar. Ansvarlege: kommunane, Renovasjonsselskapa
- Opprette ombrukbruksordning på avfallsstasjonane i kommunane. Ansvarlege: kommunane og renovasjonsselskapa

Transport

- Tilrettelegging for meir sykling i nærområda. Ansvarleg: kommunane

Enøk

- Sørge for informasjon til innbyggjarane og næringslivet om enkle energisparetiltak, oppgraderingar og rehabiliteringstiltak i eigen bustad. Ansvarlege: kommunane og Vest-Telemarkrådet

Konklusjon:

Det er viktig med god involvering frå råka partar for å få til ein god plan. Me vil gjerne ha tilbakemeldingar frå ungdomsrådet om kva de tenker er viktig i klimaarbeidet, og kva me bør prioritere for å nå dei mål vi har sett oss.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Ungdomsrådet har fylgjande innspel til planarbeidet med revidering av klimaplan for Vest-Telemark:

Ungdomsrådet si handsaming av sak 12/2025 i møtet den 26.05.2025

Røysting

Framlegg frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet har fylgjande innspel til planarbeidet med revidering av klimaplan for Vest-Telemark:

- Forbetre og likestille kollektivtransport-tilbodet i distrikta.
- Egne informasjonsmøte retta mot ungdom.
- Tilgjengeleg informasjon skal tilpassast ungdom som målgruppe.

Framlegget blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdomsrådet har fylgjande innspel til planarbeidet med revidering av klimaplan for Vest-Telemark:

- Forbetre og likestille kollektivtransport-tilbodet i distrikta.
 - Egne informasjonsmøte retta mot ungdom.
 - Tilgjengeleg informasjon skal tilpassast ungdom som målgruppe.
-